

Norges vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Vår dato: 28.10.2016
Vår referanse: 16/29519- 2
Dykkar dato: 07.07.2016
Dykkar referanse: 201304021-26

Høringssvar - søknad om konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Litledalen i Etne kommune

Landbruksdirektoratet viser til brevet dykkar av 7.7.2016, der de sender søknad om konsesjon med konsekvensutgreiing på høyring.

Søknaden gjeld Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune, Hordaland fylke. Dette er ei oppgradering og utviding av dei eksisterande kraftverka Litledalen og Hardeland. Kraftverket vil nytte eksisterande reguleringar og fall til kraftproduksjon, men vil i tillegg bygge ein til kraftstasjon med ny utløpstunnel ut til Litledalsvatnet.

Kunnskap om naturressursar innafor jord- og skogbruk i området er henta i den offentlege databasen Kilden, samt frå ressurspersonar i Etne kommune og lokale gardbrukarar. I følgje konsekvensutgreiinga har skogressursane i området liten verdi. Konsekvensen for skogbruket er derfor vurdert til å vere ubetydeleg.

Det er samanhengande jordbruksområde langs Sørelva og inntil store delar av Litledalsvatnet. Desse blir vurdert til å vere av stor verdi. To område kjem til å bli påverka i anleggsperioden ved at dei skal nyttast til massetipping. Desse har høvesvis stor og middels verdi. I området finnast det òg utmarksbeite. Dette har blitt vurdert til å ha verdien middels/liten.

Dei potensielt negative verknadene for jordbruket i området er i følgje konsekvensutgreiinga massetippene ved Litledalsvatnet og eventuelle endringar vasstanden i vatnet. Massetippene skal fjernast etter anleggsperioden og matjord leggest tilbake. Bonden sitt tap av areal til grovfôrproduksjon skal kompenseras i anleggsperioden. Påverkinga på jordbruket vurderast i KUen i sum å vere liten til middels negativ i anleggsfasen. Jordbruket i området er følsamt for endringar i vasstanden i Litledalsvatnet. Med den nye drifta kan variasjonen i vasstand auke opp mot 20 cm på

vinteren. På sumaren vil vasstanden, i følgje konsekvensutgreiinga, være sånn som han er i dag. Påverkinga på jordbruket vurderast derfor til å bli ubetydeleg.

Landbruksdirektoratets merknadar

Landbruksdirektoratet meiner at status- og verdivurderinga av landbruksressursane er god og at ho er oversiktleg og godt presentert i konsekvensutgreiinga. Vi har likevel nokre merknadar til vurderingane som er gjort rundt omfang og konsekvens av tiltaket.

Direktoratet saknar ei oversikt over kva driftseiningar i jordbruket som vil kunne bli påverka av tiltaket, og kor mykje jord som vil bli råka om vasstanden i Litledalsvatnet stig med 20 cm vinterstid samanlikna med dagens situasjon. Direktoratet er ikkje nødvendigvis einig i at påverkinga på jordbruket vil være ubetydelig i driftsfasen. 20 cm stiging i vasstanden vil gi ulikt utslag alt etter topografien i området, og sjølv om vasstanden vil være lik som han er i dag på sumarstid, kan auka vasstand på vinteren gi negative utslag for kvaliteten på jorda.

Landbruksdirektoratet ser vidare negativt på at massetippar plasserast på dyrka mark under anleggsperioden. Konsekvensutgreiinga skildrar at matjord skal leggest tilbake på jorda etter end anleggsperiode. Det er ikkje uproblematisk å flytte matjord, og det er etter vår vurdering usikkert om produksjonskapasiteten blir like god etter ei slik flytting. Vi ber derfor om at andre lokalitetar blir vurdert for massedeponi.

Landbruksdirektoratet har utanom det nemnde ingen merknadar til høyringa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting
seksjonssjef

Jostein Tostrup
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:
Norges vassdrags- og
energidirektorat

